



RAPPORTERING GRØNE OBLIGASJONSLÅN

2023



VI SKAPER DEN FORNYBARE FRAMTIDA

Sogn og Fjordane Energi (SFE) sin visjon er «*Vi skaper den fornybare framtida*».

Eitt av våre mål er å vere ein regionalt leiande aktør i arbeidet med å redusere klimagass-utsleppa og elektrifisere samfunnet. Våre viktigaste bidrag til det er å produsere og auke tilgangen til fornybar energi. Det betyr bruk av våre felles naturressursar. Vi har difor eit stort ansvar og legg stor vekt på å planlegge og gjennomføre fornybarprosjekt på ein berekraftig måte. Dette har betydning for eigarar, tilsette og heile vår aktivitet i lokalsamfunna der vi opererer.

Kort om SFE

Kjerneverksemda til Sogn og Fjordane Energi er tufta på produksjon av fornybar energi frå vasskraft. Vi søker å utnytte vassressursane på ein effektiv og berekraftig måte, med skånsam bruk av naturen. Vi produserer kvart år om lag 2,2 TWh fornybar energi ved 27 vasskraft-anlegg i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. I tillegg

eig vi Lutelandet vindkraftverk i Sunnfjord. Produksjonen vår svarar til det totale forbruket for om lag 140 000 husstandar.

Produksjon av fornybar og utsleppsfri energi er avgjerande for å nå nasjonale og internasjonale klimamål. I vår region bidreg vasskraftproduksjon, forutan arbeidsplassar og verdiskaping, med viktig flaumdemping som sikrar busetting, infrastruktur og naturverdiar langs vassdraga.

Regulerbar energi frå vatn lagra i fjellmagasin har høg verdi fordi det kan nyttast ved behov. I tillegg til uregulerbar vindkraft gjev dette bidrag til den felles europeiske energimarknaden og sikrar trygg elektrisitetsforsyning til samfunnet over døgn og år.

Bygginga av vasskraftverka i Østerbø (58 % SFE-eigd) og Jølstra (50 % SFE-eigd) samt Lutelandet vindkraftverk (100 % SFE-eigd) har tilført om lag 540 GWh ny fornybar energi til denne marknaden.



SFE SITT GRØNE RAMMEVERK FOR FINANSIERING

FN lanserte sine berekraftmål (SDG's) i 2015. Alle SFE sine investeringar er finansierte med basis i selskapet sitt grønne rammeverk (<https://www.sfe.no/globalassets/sfe.no/finans-og-eigarinfo/sfe-green-bond-framework-may-2021-final.pdf>), er i samsvar med desse. SFE har definert fire ulike prosjektkategoriar med tilhøyrande berekraftmål som vi rapporterer i høve til. SFE sitt rammeverk er av Cicero rangert som "mørk grøn" i 2021. Link til Cicero second opinion: <https://www.sfe.no/globalassets/sfe.no/finans-og-eigarinfo/cicero-green--final-spo.-11.05.2021-final.pdf>.

Prosjektkategori	FN sine berekraftmål (SDG's)
Fornybar kraft Finansiering og refinansiering av bygging, rehabilitering, kjøp og utvikling av ny fornybar kraftproduksjon. Dette inkluderer prosjekt innan vasskraft-, vindkraft- og hydrogenproduksjon basert på fornybar energi.	
Overføring av elektrisitet Finansiering og refinansiering av bygging, kjøp, utvikling og oppgradering av kraftoverføringssystemet. Dette omfattar prosjekt for å auke overføringskapasitet slik at ny fornybar energi får tilgang til nettet og prosjekt som skal bidra til betre og meir effektiv utnytting av overføringsnettet.	
Tilpassing til klimaendringar Investeringar i å styrke og sikre eigedelar og gjennomføre aktivitetar som reduserer effekten av miljøendringar på både infrastruktur innan fornybar kraftproduksjon og overføring av elektrisitet. Dette inkluderer også investeringar i overvåkings- og målesystem samt scenarioanalyser for å sikre beredskap mot ekstreme versitasjonar.	 
Rein transport Finansiering av kjøp av lavutsleppskøyretøy og tilhøyrande infrastruktur som til dømes ladestasjonar for både land- og sjøtransport.	

GRØNE OBLIGASJONAR I SFE

ISIN	Emisjonsbeløp (MNOK)	Emisjonsdato	Forfallsdato	Allokert beløp (MNOK)
NO0010822984	300	23.05.2018	23.05.2025	300
NO0010822992	200	23.05.2018	23.05.2028	200
NO0010849979	400	24.04.2019	24.04.2024	400
NO0010849987	200	26.04.2019	26.04.2027	200
NO0011013658	250	03.06.2021	15.09.2026	250
NO0011013666	300	03.06.2021	03.06.2031	300
Sum grøne obligasjonslån	1 650			1 650

FORNYBAR KRAFT

Prosjekt (Beløp i MNOK)	Kategori *) Grønt rammeverk	Allokert beløp 2018-2021	Allokert beløp 2022	Allokert beløp 2023	Fornybar produksjon GWh	Ny fornybar produksjon GWh	CO2 (tonn**) reduksjon frå ny produksjon
Refinansiering:							
Svelgen III, IV kraftverk (56%)	II	200			233		
Rehabilitering vasskraft:							
Åskåra I og II rehabilitering	I og III		67	29			
Ny fornybar produksjon:							
Østerbø Kraftverk (58%)	II	497	4	3	96	96	30 240
Jølstra Kraftverk (50%)	II	436	34		142	109	34 335
Lutelandet Vindkraftverk	IV	641	18		150	150	47 250
Totalt fornybar kraft		1 774	123	32	621	355	111 825

*) Kategoriar Grønt Rammeverk:

- I) Eksisterande vasskraftanlegg og relaterte investeringar for å auke produksjonskapasitet utan å utvide magasinkapasitet
- II) Nye vasskraftanlegg med livssyklus utslepp lågare enn 100gCO₂e/kWh
- III) Infrastruktur, teknologi og system som bidreg til meir effektiv styring og drift
- IV) Vindkraft på land

****)Emission factor for electricity:** Combined Margin 315 g CO₂/kWh. Nordic public sector issuers: Position Paper on Green Bonds Impact Reporting, February 2020.

ÅSKÅRA I OG II REHABILITERING

Kraftverka Åskåra I og II i Ålfoten, Bremanger kommune, er med sine høvesvis 90 MW og 42 MW blant dei største aggregata til SFE og har vore i drift sidan 1970 og 1972. I 2022 og 2023 vart det utført revisjon av aggregatet med mellom anna utskifting av løpehjul, nålservoar, turbinregulator, stator, generatorpolar og tilpassing av kontrollanlegg for betre overvaking. Rehabiliteringa sikrar framtidig energiproduksjon og gir meir energi ut av same vassressursen i form av auka verknadsgrad, utan å medføre nye inngrep i naturen.



ØSTERBØ KRAFTVERK

Stad: Høyanger kommune

Ny fornybar kraftproduksjon: 96 GWh (SFE sin 58% andel)

I drift: Hausten 2020

Investeringskostnad: NOK 504 mill (SFE sin 58% andel)

Østerbø kraftverk vart bygd i perioden 2017-2020. Kraftverket er bygd i eit område som er veleigna frå naturen si side med Nykjevatnet som eit naturleg hovudmagasin utan bygging av demning. Vassinntaket i magasinet ligg heile 76 meter under vassflata (fullt magasin). For å få kraftproduksjonen på nettet er det også bygd ei ny 132 kV-linje på 2 mil mellom Østerbø og Stordalen. Årsproduksjonen er 165 GWh der SFE er konsesjonær og eig 58% medan Eviny har medeigarrett og eig 42% av kraftverket.



JØLSTRA KRAFTVERK

Stad: Jølster i Sunnfjord kommune

Ny fornybar kraftproduksjon: 113 GWh (SFE sin 50% andel)

I drift: Hausten 2021

Investeringskostnad: NOK 470 mill (SFE sin 50% andel)

Jølstra kraftverk vart bygd i perioden 2018 -2021 og sett i drift i 2021. Kraftverket er eit elvekraftverk i elva Jølstra som renn frå Jølstravatnet til Førdefjorden. Saman med eksisterande Stakaldefossen kraftverk er det 62 MW installert effekt og desse to kraftverka til saman vil produsere ca. 209 GWh fornybar energi i året (av dette er 176 GWh ny produksjon). Det er 5,5 km tunnel som fører vatnet ned til kraftverket og tilbake til elva. Fiskebestandane i vassdraget vert ivareteke med forbitappingsanlegg (omløp), fisketrapp og minstevassføringskrav sommar og vinter. Både inntak og kraftstasjon er plassert i fjell. Ved inntaket blir det ny tursti og gangbru over Jølstra. Tunnelmassar er deponert i samband med nytt næringsareal. SFE eig 50 % av Jølstra kraftverk og Eviny eig dei resterande 50%.



LUTELANDET VINDKRAFTVERK

Stad: Lutelandet i Fjaler kommune

Ny fornybar kraftproduksjon: 150 GWh (SFE eig 100%)

I drift: Hausten 2021

Investeringskostnad: NOK 659 mill

SFE sitt første heileigde vindkraftverk, Lutelandet, vart bygd og sett i drift hausten 2021. Det har ein installert effekt på 50 MW og ei forventa årsproduksjon på 150 GWh. Ved denne utbygginga har det vore eit godt samarbeid mellom SFE som byggherre, entreprenørar og ekstern landskapsarkitektkompetanse som har gitt gode resultat for plassering, tilrettelegging og arrondering av vegar og oppstillingsplassar i terrenget. Vi er stolte over at NVE gav gode skotsmål for desse forholda under sluttsynfaringa. Eit 2-årig overvåkingsprogram for trekkande fugl blei starta opp i 2022.



OVERFØRING AV ELEKTRISITET

SFE sitt nettselskap Linja AS fusjonerte med Mørenett i 2023. Vi har difor ikkje allokert bruk av grøne obligasjonslån til finansiering av nettinvesteringar frå og med 2022.

Prosjekt (Beløp i MNOK)	Kategori*) Grønt rammeverk	Allokert beløp 2018-2021	Allokert beløp 2022	Allokert beløp 2023	Ny overføringskapasitet MVA	Ny fornybar kraft mata inn i nettet GWh
AMS (smarte strømmålarar)	II	94				
Kraftlinje Sandane-Reed 132 kV	I	66			219	
Kraftlinje Guleslettene-Ålfoten 132 kV - Seksjon Guleslettene-Svelgen - Seksjon Svelgen-Ålfoten	I	145			177 547	671
Kraftlinje Skorge-Borgundvåg 22 kV	I	38			30	75
Kraftlinje Ytre Y, 132 kV-linje Nordfjord - Seksjon 132 kV Ålfoten-Rugsundøy - Seksjon 132 kV Rugsundøy-Angelshaug - Seksjon 132 kV Angelshaug-Deknepollen - Seksjon Deknepollen trafostasjon	I	66 6 6 4			105	
Total		422				746

*)Hovudkategoriar Grønt Rammeverk for Kraftoverføring og distribusjon:

- I) Overføring og distribusjon av fornybar kraft frå produksjonsstad til innmating i hovudnett
- II) Integrasjon mellom fornybar energi og energi effektivitet (kontroll og kommunikasjonssystem, smart grid, AMS)

Kraftlinjer og smartnett

Innføring av automatiske strømmålarar (AMS) har lagt til rette for ein smartare bruk av straumnettet. Dette er eit viktig klimabidrag mellom anna fordi det påverkar miljøhaldningar og fordi smartare bruk vil redusere behovet for nytt straumnett.

Frå Sandane til Reed (Gloppen kommune) er eksisterande 66 kV-linje erstatta med ny 132 kV-linje på grunn av behovet for auka kapasitet. Auka driftsspenning til 132 kV doblar overføringskapasiteten. Vi legg til grunn at linja vil føre til ca. 20 MW ny produksjon i området på sikt. I tillegg reduserer linja overføringstap i nettet mellom Sandane og Reed til ca. ¼ av tidlegare nivå ved same overføring.

For å legge til rette for meir fornybar energi, må SFE auke overføringskapasiteten i straumnettet. Den nye **132 kV-linja Guleslettene-Ålfoten** (Bremanger) gav nettilgang til Guleslettene vindpark på 197 MW, som har ein stipulert årleg produksjon på 671 GWh.

Ny **22 kV-linje Skorge-Borgundvåg** tek i mot produksjonen frå nye Okla vindkraftverk på Stad som stod ferdig i 2021. Linja var ferdig hausten 2020. Vindparken har ein kapasitet på 21 MW og har ein stipulert årleg produksjon på 75 GWh.


Vi har starta eit omfattande prosjekt, **Ytre Y**, for å betre nettkapasiteten i Ytre Nordfjord. Dette består av fleire delprosjekt som omfattar både bygging av nye linjer og ein ny trafostasjon. Desse prosjekta vil samla vere med på å styrke leveringstryggleiken i regionen og samtidig legge til rette for både ny fornybar energi og høgare forbruk i samband med elektrifisering og nye grøne næringar.

GRØNE INVESTERINGAR

Grøne investeringar fordelt på prosjektkategoriar i grønt rammeverk		(MNOK)
Investeringar:		
Fornybar kraft		1 929
Overføring av elektrisitet		422
Tilpasningar til klimaendringar		0
Rein transport		0
Sum grønne investeringar		2 351
Finansiering:		
Grøne obligasjonslån		1 650
Lån NIB (grønt mandat)		300
Eigenfinansiert		401
Sum finansiert		2 351

Grøne investeringar fordelt etter formål		
	(MNOK)	Andel
Vasskraft refinansiering	200	9%
Ny vasskraft	1 070	45%
Ny vindkraft	659	28%
Overføring av elektrisitet	422	18%
Sum	2 351	100%

Allokering grønne investeringar



Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Uavhengig attestasjonsfråsegn om rapporten «Grøne obligasjonar i SFE»

Vi er engasjerte av Sogn og Fjordane Energi AS for å utføra eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat tryggleik slik det er definert i dei internasjonale standardane for attestasjonsoppdrag for å gi ei fråsegn om Sogn og Fjordane Energi AS sin rapport «Rapportering grønne obligasjonar» ("Saksforholdet"), pr. 31. desember 2023 og for året som vart avslutta 31. desember 2023, i det alt vesentlege er presentert i samsvar med Sogn og Fjordane Energi AS Green Bond Framework ("Kriteria").

Vi har ikkje utført andre attestasjonshandlingar enn det som er nemnt i avsnittet over og som beskriv omfanget av oppdraget vårt, og vi uttaler oss følgjeleg ikkje om annan informasjon inkludert i rapporten «Rapportering grønne obligasjonar».

Kriterium brukt av Sogn og Fjordane Energi AS

I utarbeidinga av rapporten har Sogn og Fjordane Energi AS brukt relevante kriterium frå Sogn og Fjordane Energi AS Green Bond Framework ("Kriteriene"). Kriteria ligg offentleg tilgjengeleg på Sogn og Fjordane Energi sine nettsider og er tilgjengelege for alle. Desse kriteria vart spesifikt utforma for selskapet og andre organisasjonar som ønskjer å rapportera om berekrafta si på ein konsistent og truverdig måte, og denne informasjonen eignar seg derfor truleg ikkje for andre formål. Etter vår meining er dissa rapporteringskriteria relevante og passande for å gjennomgå Sogn og Fjordane Energi AS sin rapport «Rapportering grønne obligasjonar».

Sogn og Fjordane Energi AS sitt ansvar

Leiinga er ansvarleg for valet av Kriteriene og for at Saksforholdet i det alt vesentlege er presentert i samsvar med desse kriteria. Dette ansvaret omfattar det å etablera og halda ved like interne kontrollar og påkravde rekneskapsbøker og gjera estimat som er relevante for utarbeidinga av Saksforholdet, slik at det ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som resultat av misleghald eller feil.

EYs ansvar

Vårt ansvar er å gi ei fråsegn om Saksforholdet basert på dei bevisa vi har innhenta.

Vi har utført arbeidet vårt i samsvar med ISAE 3000 - "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon". Standarden krev at vi planlegg og utfører handlingar for å oppnå moderat tryggleik for at Saksforholdet i det vesentlege er presentert i samsvar med kriteria, og for å utarbeida ein rapport. Type, tidspunkt for og omfang av handlingane er valde ut frå skjønnnet vårt, under dette ei vurdering av risikoen for vesentleg feilinformasjon, anten som resultat av misleghald eller feil.

Etter vår oppfatning er innhenta bevis tilstrekkeleg og formålstenleg grunnlag for attestasjonsfråsegna vår.

Sjølvstendet og kvalitetskontrollen vår

Vi er uavhengige og stadfestar at vi tilfredsstiller krava i det internasjonale etiske regelverket for revisorar gitt ut av *the International Ethics Standards Board for Accountants*. EY følgjer òg ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirma som utfører revisjon og forenkla revisorkontroll av rekneskapar og dessutan andre attestasjonsoppdrag og nærskyldte tenester, og har følgjeleg eit omfattande

system av kvalitetskontroll inkludert dokumenterte retningslinjer og prosedyrar for å overhalda etiske krav, profesjonelle standardar og relevante lover og reglar.

Skildring av utførte handlingar

Handlingane som blir utført på eit attestasjonsoppdrag med moderat tryggleik varierer med omsyn til type og tidspunkt og er mindre omfattande enn for eit tilsvarande oppdrag som skal gi tilstrekkeleg tryggleik. Tryggleiken i eit attestasjonsoppdrag med moderat tryggleik er derfor vesentlege lågare enn kva som ville ha vore oppnådd i eit oppdrag med tilstrekkeleg tryggleik. Handlingane våre vart utforma for å gi moderat tryggleik som vi baserer uttalen vår på og gir ikkje alle dei bevisa som blir påkravde for å gi ei tryggjande grad av tryggleik.

Sjølv om vi har vurdert effektiviteten i dei interne kontrollane til leiinga når vi har bestemt type og omfang av handlingane våre, er attestasjonsoppdraget vårt ikkje utforma for å ta tryggleik for interne kontrollar. Handlingane våre omfatta ikkje testar av kontrollar eller prosedyrar for å kontrollere korrekte summar eller utrekningar av data i IT-system.

Eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat tryggleik omfattar førespurnader, primært til personar som er ansvarlege for å utarbeida Saksforholdet og relatert informasjon, og å bruka analysar og andre relevante handlingar.

Handlingane våre inkluderte:

- Gjennomgang av Sogn og Fjordane Energi AS prosessane sine for utarbeiding av rapporten «Rapportering grøne obligasjonar» for å få ei forståing om allokering av grøne obligasjonar er i samsvar med Sogn og Fjordane Energi AS Green Bond Framework.
- Intervjua personar ansvarlege for Sogn og Fjordane Energi AS sin rapport «Rapportering grøne obligasjonar» for å få ei forståing av prosessen for utarbeiding av rapporten.
- Gjennomført eit utval for å undersøke at informasjonen i rapporten «Rapportering grøne obligasjonar» om fordeling av midlane og rapportert påverking er i samsvar med anen informasjon utarbeidet av Sogn og Fjordane Energi.
- Gjera ei vurdering av bestemd informasjon i rapporten «Rapportering grøne obligasjonar» opp mot kriteria i Sogn og Fjordane Energi AS sitt Green Bond Framework, inkludert ein gjennomgang av konsistensen av presentert informasjon.

Etter vår meining gir handlingane våre tilstrekkeleg grunnlag for uttalen vår. Vi har òg utført andre handlingar vi vurderte som nødvendige etter forholda.

Bruk av rapport

Vår rapport er kun berekna for selskapet og obligasjonseigarane i selskapet sine grøne obligasjonar (NO0010822984, NO0010822992, NO0010849979, NO0010849987, NO0011013658 og NO0011013666) i forbindelse med selskapet sine obligasjonar under selskapet sitt «Sustainability Bond Framework» og er ikkje berekna for anna bruk eller til bruk av andre partar.

Uttale

Basert på utførte handlingar og innhenta bevis kjenne vi ikkje til vesentlege endringar som burde gjerast i Saksforholdet pr. 31. desember 2023 for perioden frå 1. januar 2023 til 31. desember 2023 for at det skal vera i samsvar med kriteria.

Oslo, 3. September 2024
ERNST & YOUNG AS

Rapporten er signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
Statsautorisert revisor

A wide-angle photograph of a large concrete dam situated in a rugged, mountainous landscape. The dam is a curved, grey structure that spans a deep valley. The surrounding terrain is rocky and steep, with some sparse vegetation. In the background, more mountains are visible under a sky with soft, wispy clouds. The lighting suggests it might be early morning or late afternoon, with a warm glow on the horizon.

Sogn og Fjordane Energi

Post- og besøksadresse:
Sørstrandsvegen 227,
6823 Sandane
post@sfe.no
www.sfe.no

Telefon: 57 88 47 00